



## Ordføreren sitt hjørne – juni 2016

Det går mot sommar, og no tysdag 28. juni er det siste kommunestyremøtet før ferien. Møtet er tysdag denne gongen, og møtet startar kl. 15.00. Det er mange saker til handsaming, og nokre av dei vil antakeleg ta noko tid. Derfor er det tidleg møtestart.

Årsmelding og rekneskap 2015 for Hemsedal kommune er ei av sakene me har til handsaming no. Det er eit svært godt resultat rådmannen legg fram. Rekneskapan syner eit overskot på kr 9 millionar, som er føreslege avsett til disposisjonsfond. Det er fyrst og fremst god økonomistyring gjennom heile året som er grunnen til at kommunen for tredje år på rad leverer eit godt positivt resultat. Skatteinntektene i 2015 var 4 millionar kr betre enn året før, og kr 5 millionar over budsjettet. God skatteinngang er det også i 2016. Ved utgangen av mai er me kr 3,8 millionar over fjoråret. Det er god aktivitet i bygda, og god skatteinngang er nok eit resultat av det. Andre inntekter som påverka resultatet var pensjonspremieavrekninga til KLP som slo positivt ut, og eit ekstraordinært tilskott frå fylkesmannen for å dekke kostnader med dei akutte asylmottaka me hadde sist på året i 2015. Situasjonen for kommunen er god, med eit solid disposisjonsfond og god likviditet. Vil klyppe litt frå rådmannen sine vurderingar i årsmeldinga, for det er også formannskapet sine konklusjonar:

*«Rådmannen meiner kommunen utpeikar seg ved å vera jamn god på alle tenesteområder, og det er stor aktivitet. For ein del tenester har vi ikkje gode nok metodar for målstyring, men rådmannen sin oppfatning er at det blir produsert gode tenester og at vi har godt fornøgde brukarar. Dyktige tilsette er den viktigaste faktoren for å kunne tilby gode tenester, og det er god grunn til å takke alle medarbeidarane for innsatsen i 2015.»*

Kommunestyret har også årsmelding og rekneskapan til Hemsedal Energi på sakslista. Det er eit godt resultat som blir lagt fram her og. Hemsedal Energi forvaltar kommunen si andels- og konsesjonskraft. Det er ca 50 GWh som dei disponerer, og som me ynskjer best mogleg avkastning på. Det er ikkje lett i dag med ein over tid låg kraftpris. Det er liten prisskilnad mellom produksjonspris, som kommunen får krafta for, og salsprisen. Likevel greidde bedrifta i fjor å levere eit resultat på kraftomsetninga på kr 9,5 millionar. Hemsedal har eit godt linjenett, med god leveringssikkerheit. Det er eit godt nett til alle delar av kommunen, og det er lite straumbrot. Dette var noko kommunestyret la vekt på når me gjorde valet at me ynskjer å ha vårt eige nettselskap i bygda, og selskapet leverer nesten over forventning i år som dei fleste år tidlegare. Det er berre å takke for god styring og drift.

«Detaljreguleringsplan for Rudningen» var tenkt slutthandsama no, men Plan og Ressurs har utsett saken. NVE har motsegn mot planen slik den vart fremma. Dei er redde for at delar av området er utsett for flaum i Trøymsåne, og at delar av planen må takast ut. «Trøymsåne er eit massetransporterande sidevassdrag med høg hastigheit, med påfølgjande stor erosjon/påkjenning for elvekanten ved flaum og at elva tek nytt laup. I tillegg kjem faren for isgang». Dette grunngjevinga til NVE, og det er sikkert rett.

Det er ei privat reguleringsplan, og det har vore dialog med NVE for å finne ut kva tiltak som kan gjerast for å sikre området mot eventuell flaum, utan at det er nokon konklusjon på det no. Det er derfor ei noko redusert reguleringsplan som blir lagt fram for godkjenning, men sjølv den vil innehalde mange tomter for bustadbygging i sentrum. Tida vil syne om dei områda som blir tatt ut no kan koma inn att seinare.

Planstrategi for kommunen og planprogram for revidering av kommuneplanen skal også handsamast no. Dette er formalia som må vera på plass før sjølv arbeidet med ny kommuneplan kan starte. Planprogram kan vel kallast ein disposisjon for kva me ynskjer å legge vekt på ved rullering av kommuneplanen, og den skal ut på høyring på same måte som kommuneplanen skal seinare. Arbeidet med kommuneplanen startar for fullt utover hausten. Arbeidet blir kunngjort, og då startar innspelperioden. Så følg med!

Då vil eg få ynskje alle ein fin sommar!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører